Statens vegvesen

JK. Arkitektur AS

Trond Atle Nesse

| Behandlande eining: | Sakshandsamar/telefon: | Vår referanse: | Dykkar referanse: | Vår dato: |
|---|---|---|---|---|
| | Tone Bøyum / 55516792 | 19/74166-9 | | 18.12.2019 |

# Førehandstilsegn - Avkøyrsle - FV. 5494 - Gnr. 10 bnr. 25 Rødland - Lindås kommune

Vi viser til søknad av 25.04.2019. Vi viser også til tilleggsdokumentasjon mottatt 06.1.2.2019.

**Vedtak**
Med heimel i veglova § 40 og §43 gir vi løyve til etablering av avkøyrsle frå fv. 5494 til eigedomen gnr. 10 bnr. 25 i Lindås kommune.

**Vilkår for løyvet**
Løyvet blir gitt i samsvar med *forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg frå Vegdirektoratet 16.7.1964* og *forskrift om retningslinjer for behandling av avkjørselssaker for riksveg frå Samferdselsdepartementet 26.2.1982.*

1. Avkøyrsla skal plasserast i tråd med situasjonsplan, datert 03.12.2019. I tillegg skal ein følgje *Prinsippskisse,* som ligg ved.

2. Løyvet gjeld ei bueining, fritidsføremål.

3. Frisikt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkøyrsla skal vere minimum 45 meter til kvar side av køyrebana. Eventuelle planter og liknande kan ikkje vere høgare enn 0,5 meter (sjå *prinsippskisse*).

4. Svingradius skal vere 4 meter (8 meter i diameter). Svingradius skal markerast tydeleg med til dømes betongkan, grøft eller annan avvisande kant mot sideterrenget. Det smalaste punktet i avkøyrsla skal vere 5 meter (sjå *prinsippskisse*).

5. Stigningskravet må haldast (sjå *prinsippskisse*). Vi vil her gjere særleg merksam på at avkøyrsla skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm dei første 2 meterane.

6. Dersom det ikkje er snuplass der frå før, må det etablerast ein snuplass inne på eigedommen, slik at det ikkje blir nødvendig å rygge ut på offentleg veg.

7. Løyvet gjeld berre tilknytingspunktet til riks-/fylkesvegen. Søkar må sjølv avklare eigedomstilhøva og innhente dei nødvendige rettane som gjeld bruk og opparbeiding av avkøyrsel, frisiktsoner og tilkomstveg. Desse rettane bør ein tinglyse.

8. Dersom avkøyrsla går over ei veggrøft, må det leggjast eit røyr. Røyret må vere tilstrekkeleg langt og leggjast slik at grøfta ikkje blir skadd, og slik at grøftevatnet får renne unna.

9. Så snart avkøyrsla er ferdig bygd, må det vedlagde skjemaet *Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrsel* underskrivast og sendast i retur. **Avkøyrsla skal vere godkjend av Statens vegvesen før nye byggearbeid blir sett i gang**.

10. Arbeidet må være starta opp innan tre - 3 - år etter at løyvet er gitt, viss ikkje fell løyvet bort.

Eigaren eller brukaren av avkøyrselen har sjølv ansvaret for at krav sett i *Prinsippskisse* til kvar tid er oppfylt, mellom anna krav til frisikt (jf. veglova § 43). Dersom krava ikkje er oppfylte, kan Statens vegvesen trekkje tilbake løyvet.

Vi gjer merksam på at arbeidet med avkøyrsla kan krevje arbeidsvarsling og/eller graveløyve. For meir informasjon, sjå:
http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/Arbeidsvarsling
http://www.vegvesen.no/fag/Veg+og+gate/gravemelding/gravetillatelse

**Bakgrunnen for vedtaket**
Statens vegvesen skal i vurderinga leggje vekt på framkomst og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrsel frå.

Fartsgrensa på staden er 50 km/t, og årsdøgertrafikk er 150 Køyretøy. Strekninga er klassifisert til *Haldningsklasse 4* jf. *Rammeplan for avkøyrsler med strekningsvis vurdering av haldning til byggegrenser for riks- og fylkesveg i Region vest (2017 - 2020).*

Etter samla vurdering finn vi at ei avkøyrsle som omsøkt kan godkjennast. Avkøyrsla ligg i eit område med helling på vegen og bratt sideterreng. Søkjar må vurdere behov for rekkverk for i unngå utforkøyring. Ta kontakt dersom det er behov for å avklare krav sett i førehandstilsegnet.

**Rett til å klage**

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova § 28. Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «klage på forvaltningsvedtak». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Hordaland fylkeskommune. Send klagen til Statens vegvesen Region vest Pb. 43 6861 Leikanger , som vil sende klagen vidare til klageinstansen.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
faggruppeleiar

Tone Bøyum
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi
LINDÅS KOMMUNE, Felles postmottak Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ

**Vedlegg**

Veglova § 40 og §43
Situasjonsplan søker
Prinsippskisse for utforming

Plan og profilteikning
Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrsle

Statens vegvesens saksnummer 19/74166

## Melding om opparbeidd/nybygd/endra avkøyrsle

Eg/vi melder om at avkøyrsle frå fv. 5494 til eigedomen gnr 10 bnr 25 i Lindås kommune er ferdig opparbeidd i samsvar med vilkår fastsett i løyve datert 17.12.2019.

……………………………………………………………………………………………………..
Sted/dato underskrift søkar/grunneigar

…………………………………………………….
Underskrift utførande entreprenør

Stadfesting sendast til:

Statens vegvesen, Pb. 43, 6861 Leikanger eller
Firmapost-vest@vegvesen.no

Ver merksam på at etter 1.1.2020 skal saka behandlast av Vestland fylkeskommune!









| Revisjon | Revisjonen gjelder | Utarb. | Kontr. | Godkjent | Rev. dato |
|---|---|---|---|---|---|

Saksnr.

ABO PLAN & ARKITEKTUR
Hamnevegen 53
Postboks 291,5203 Os
Telefon: 56 57 00 70

| | |
|---|---|
| Tegningsdato | 03.12.2019 |
| Bestiller | |
| Produsert for | Stig Lea/ JK arkitektur |
| Produsert av | ABO Plan & Arkitektur AS |

Lindås kommune
Gnr/bnr 10/25

Avkøyrsle Fv5458
Lengdeprofiler

Forslag

| Utarbeidet av | kontrollert av | Godkjent av | Konsulentarkiv |
|---|---|---|---|
| AS | TV | - | |

| | |
|---|---|
| PROF-nummer | |
| Arkivnummer | |
| Byggverksnummer | |
| Målestokk | 1:500/1:100 (A3) |
| Tegningsnummer / revisjonsbokstav | LP 1 |




| Revisjon | Revisjonen gjelder | Utarb. | Kontr. | Godkjent | Rev. dato |
|---|---|---|---|---|---|

ABO PLAN & ARKITEKTUR
Hamnevegen 53
Postboks 291,5203 Os
Telefon: 56 57 00 70

Lindås kommune
Gnr/bnr 10/25

Avkøyrsle Fv5458

Forslag

| Utarbeidet av | kontrollert av | Godkjent av | Konsulentarkiv |
|---|---|---|---|
| AS | TV | - | |

| | |
|---|---|
| Saksnr. | |
| Tegningsdato | 03.12.2019 |
| Bestiller | |
| Produsert for | Stig Lea/ JK arkitektur |
| Produsert av | ABO Plan & Arkitektur AS |
| PROF-nummer | |
| Arkivnummer | |
| Byggverksnummer | |
| Målestokk | 1:500 (A3) |
| Tegningsnummer / revisjonsbokstav | Skisse 1 |

# PRINSIPPSKISSE




Tilsvarande siktlengder som vist på tegningen må også gjerast gjeldande for trafikken som kjem på hovedvegen og skal inn i avkjørsla (sikt bakover og framover langs hovedvegen)

Av hensyn til snø og vegetasjon skal det i frisiktsonen vera fritt for sikthinder høgare enn 0,5 m. over hovedvegens nivå

## Krav til svingradius for avkjørsla :




## Krav til lengdeprofil for avkjørsla/tilkomstveg:




Prinsippskisse avkøyrsle, Rødland, gnr. 10 bnr. 25, Lindås. Snr. 19/74166 SVV